

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Plan- og samfunnsavdelinga  
 Sak nr.: 15/8600-16

### Vedtak av planprogram for rullering av Fylkesdelplan arealbruk i Sogn og Fjordane

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek Planprogram for revisjon av fylkesdelplan for arealbruk, datert 03.10.15, i samsvar med Plan- og bygningslova § 8-3.
2. Fylkesrådmannen får mynde til å kjøpe inn konsulentbistand for å gjere naudsynte utgreiingar i planarbeidet.
3. Kostnadane ved planarbeidet skal skje innafør gjeldande budsjettrammer. Kostnadane vert dekkja frå tenestoområde 7151.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

Planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane fylke, dagsett 04.10.15.

Oppsummering av fråsegner til høyring av planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk.

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Uttalane frå høyringa. Dei einskilde uttalane er tilgjengelege på heimesida til fylkeskommunen.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

#### Historikk – tidlegare vedtak

Saka var oppe i fylkesutvalet 17.08.2015, FU-sak 77/2015, og det vart gjort vedtak om å legge planprogrammet ut til offentleg ettersyn.

Planprogrammet har vore ute til offentleg ettersyn frå 19. august til 1. oktober.

#### Sentrale problemstillingar

Planarbeidet er ein delvis revisjon av gjeldande fylkesdelplan for arealbruk, for å vurdere endringar i kap. 3.2.4 «Etablering av kjøpesentra».

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, råmene til planarbeidet og dei tema som må greiast ut. I planprogrammet vert det og opna for å kjøpe tenester for å sikre eit godt nok kunnskapsgrunnlag for revisjonen av gjeldande plan.

### 2. Innspel i høyringa

#### Innspel i høyringa

Det har kome 12 merknader til planprogrammet. I vedlegg til saka vert hovudinnhaldet i merknadane summert opp, og kommentert. Kommentaranane munnar ut i ei rekkje konkrete

framlegg til endring av planprogrammet. Desse er tatt med i det planprogrammet som no ligg til handsaming.

Det er og kome innspel som vert vurdert som lite relevante i høve planprogrammet. Nokre av desse er av ein slik karakter at vi må ta dei med vidare i planarbeidet av di dei gjeld sjølve utforminga av planen.

I hovudsak er det kome inn innspel med 4 ulike innfallsvinklar:

1. Behovet for lokal tilnærming i regionalt planarbeid. Det vert peika på at dette er viktig for å få gode nok analyser, kunnskapsgrunnlag og dermed utgreiingar som kan visast på kart.
2. Behovet for gode prosessar. Intensjonane med ein planprosess er at den må gje nok tid og rom for utgreiingar, medverknad/involvering og utforming av plan i ein høyringsprosess. Slik prosessen er lagt opp no er den for knapp til å ta i vare dette på ein god måte.
3. Konkrete framlegg til utforming av plan og retningsliner. Førde kommune har kome med framlegg til retningsliner lokalt og deira ynskje om gjennomføring av planprosessen slik at dei får vedteke sine planar på Brulandsvellingene m.m.
4. Behov for å sjå heilskapen i rulleringa. Forum for Friluftsliv peikar på behovet for å sjå arealbruken i fylket i ein heilskap og dermed også ha ei samla rullering av heile planen. Dei peikar på behovet for meir omfattande utgreiingar.

### **3. Vurdering av innspela**

#### 1. Behovet for lokal tilnærming i regionalt planarbeid.

Det er viktig med lokale perspektiv som innspel til sjølve planarbeidet. Samtidig skal planen løfte seg opp frå dei einskilde lokale tilnærmingane og ta tak i nokre generelle prinsipp som gjer at den totale utviklinga i fylket vert god, sett i eit større perspektiv. Utan ei slik tilnærming vert den regionale planen berre ein sum av dei lokale perspektiva.

#### 2. Behovet for gode prosessar.

Det er lagt eit stramt tidsskjema for å ikkje unødige å sinke arbeidet Førde kommune gjennomfører med sin kommunedelplan. Dette har gått ut over medverknaden i utarbeidinga av planprogrammet. Vi trur difor det kan bli behov for å sjå på framdriftsplanen og vurdere den undervegs slik at vi sikrar at prosessen tidsmessig er forsvarleg. Vi vil legge vekt på god dialog med kommunane i det vidare planarbeidet for å avstemme prosessen til behovet for å gå i djupna. Vi ser ikkje for oss å organisere eigne arbeidsgruppe med referansegrupper m.m., men å etablere gode møteplassar der vi får tid til å drøfte omfang, innretning og problemstillingar saman med kommunane og dei viktige regionale aktørane. Då vil vi få felles arena for å drøfte dei lokale perspektiva opp mot dei regionale samla effektane.

#### 3. Konkrete framlegg til utforming av plan og retningsliner.

Det er bl.a. Førde kommune som har kome med framlegg til punkt i ny plan og konkrete retningsliner. Andre høyringspartar, som Forum for Friluftsliv, har også kommentert dagens retningsliner. Desse vert med som eit grunnlag og eit viktig innspel til planarbeidet, men det er for tidleg å kommentere dei konkret i denne fasen.

#### 4. Behov for å sjå heilskapen i rulleringa.

Det er alltid eit ynskje når vi driv planlegging at vi skal klare å fange heilskapen, sjølv om planlegginga rettar seg mot avgrensa tema. Vi er einige i at det er behov for å sjå samla på arealbruken i fylket, og dette bør i samband med ny planstrategi bli vurdert. Gjennom planarbeidet har vi forsøkt å vise at vi i denne avgrensa rulleringa og tar mål av oss til å sjå på dei meir heilskaplege utfordringane vi har i fylket, men då knytt opp til det som kan påverke utviklinga av handel.

I tillegg til ovannemnde fire tema har fylkesrådmannen følgjande vurdering:

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Planarbeidet skal skje innafør gjeldande budsjetttrammer. Det er behov for noko konsulentkjøp som er planlagt innafør gjeldande budsjett. Endringar i gjeldande plan vil ikkje få økonomiske konsekvensar utover dette.

#### Rettslege konsekvensar

Revisjon av fylkesdelplanen vil endre dei rettslege bindingane til utbygging, og skal ha konsekvensar for anna regional og kommunal planlegging. Føremålet med planendringane er å gjere bindingane meir i tråd med utviklinga og behovet i samfunnet.

#### Plankonsekvensar

Ut over dei konsekvensane for endringar som er omtalt i høve fylkesdelplan for arealbruk, vil planarbeidet og vere av ein slik karakter at utgreiingar og perspektiv bør med ved revidering av andre regionale planar. Dette kan til dømes være utforminga av ny regional transportplan (Samordna bustad- areal- og transportplanlegging).

#### Klima- og miljøkonsekvensar

Konsekvensar for klima og miljø vert greidd ut som ein del av planprosessen.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen si vurdering tilseier at vi må være opne for å endre framdriftsplanen slik at vi skaper rom for både tid til utgreiingar, involvering frå kommunane, statlege organ og andre interesser, og ei utforming av planen i ein planprosess. Dette kan gjerast ved at vi gjennomfører utgreiingane i perioden oktober til desember som planlagt, tek møter med kommunane og fleire i januar, formar planframlegg i februar og legg dette på høyring til over påske. Merknads-handsaming og ev. endringar kan vi ta i mai og vedtaket kan gjerast av fylkestinget i juni-16.

Fylkesrådmannen har sett det naudsynt å ta omsyn til ein del innspel og har endra planprogrammet i tråd med dei konkrete punkta som er nemnt i samanstillinga av fråsegnene. Planprogrammet er og endra for å betre språk og formuleringar slik at det er tilstrekkelege og gode nok definisjonar av utgreiingstema og for å fange opp meningsinnhaldet i innspela.

Fylkesrådmannen ser at fråsegnene har fått fram fleire innfallsvinklar, som no er baka inn i framlegget, mellom anna utviklinga på e-handel. Fylkesrådmannen ser samtidig at det framleis er behov for at planprosessen klarar å gjere naudsynte avgrensingar av utgreiingstema slik at konsekvensutgreiingane vert tilstrekkeleg presise i høve formålet med rulleringa.

Fylkesrådmannen vurderer at planprogrammet med desse endringane oppfyller faglege krav og har teke omsyn til krava i lov og overordna, regionale og lokale rårer. Plantema og utgreiingsbehova er ivaretekne ut frå gjeldande plan, fråsegnene og behova som tidlegare er melde inn.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)